
Vår referanse 2020/44568-2
Dato 18.03.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om landbruksveg - gnr. 107, bnr. 2 - Kolås - Alver kommune

Vi viser til brev datert 11.03.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Kolås i Alver kommune.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verte utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift